

Frå: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Send: torsdag 10. februar 2022 15:13
Til: Hanne Marie Evensen
Kopi: Glenn Rongved
Emne: Søknad om oppføring av garasje på Storsteinen 27, 5911 Alversund
Vedlegg: Sitplan-fasader-planløsning-snittGBNR134-333.pdf

Hei.

Viser til Dykkar svar på søknad der de ber om fleire opplysningar for å handsame søknaden.

Vi ser at det ved ein inkurie har blitt sendt feil situasjonsplan og legg denne ved her. Der er det notert kotehøgde på ferdig golv og vi har også lagt dette til i «Typisk Snitt». Fasader var lagt ved første innsending, men ligg også ved her.

Vi forstår ikkje krav om ny/gammel situasjon. Den gamle garasjen vart flytta og den nye vert plassert på same staden i same høgde på bakkeplanet og noko utvida mot sørvest. Den «gamle» situasjonen viser på situasjonskartet.

Vedkomande byggjegrænse mot veg meiner vi at då dette er ein garasje som ligg høgt over vegplanet i sørvest og ikkje forårsaker problem med siktforhold så bør det ikkje være nødvendig med dispensasjon. Minste avstand til vegskulder er 4 meter.

Med venleg helsing
Karl Atle Taule



Radøyvegen 1400, 5936 Manger
Mob. 90866010
atle@ing-taule.no